

Tilleggsprotokoll

Prøvenemnda skal i tilleggsprotokollen gjere greie for si vurdering av prøva – både det som er bra og det som ikkje er bra. Tilleggsprotokollen skal være så utfyllande at den kan gje eit godt bilete av sjølve prøvegjennomføringa i ei eventuell klagehandsaming jf. § 3-51 i forskrift til Opplæringslova. Alle dei 4 delane av prøva skal gjerast greie for med utgangspunkt i læreplan og vurderingskriterier. Dei 4 delane er planlegging, gjennomføring, eigenvurdering og dokumentasjon jf. § 3-50 i forskrift til Opplæringslova.

Planleggingsdel

- Kva manglar?
- Er denne tilstrekkeleg utført for å vurdere planleggingskompetanse?
- Er naudsynte omsyn teke?
- Kva er gjort bra i planleggingsdelen?

Gjennomføringsdel

- Er gjennomføringa gjort i henhold til forskrifter, standard eller normer for faget?
- Avviker gjennomføringa frå planlegging?
- Kva er gjort bra i gjennomføringa?

Eigenvurdering

- Er det gjort greie for ev. feil, forklart ev. avvik mellom planlegging og gjennomføring?

Dokumentasjon

- Hva mangler?
- Faglig avklaring, spørsmål til prøveoppgåva?

Bruk eige ark dersom de treng meir plass til å skrive.

Hugs å bruke fagmessig, ikkje støytande språk. Døme på formuleringar:

- Arbeidsteikningane kandidaten laga er ikkje i henhold til forskrift og har vesentlege manglar som kan utgjere tryggleiksfare.
- Kandidaten utførte ikkje kontroll av utstyr i henhold til bedrifta sine rutinar. (spesifiser)
- Kandidaten nytta ikkje pålagt verneutstyr. (spesifiser)
- Kandidaten kunne i liten grad uttrykke seg på fagspråket utan tilrettelegging i form av å nytte engelsk språk.
- Kandidaten var ikkje i stand til å ha kundesamtale utan utstrekt bruk av engelsk språk.
- Kandidaten kunne ikkje grunngje sine val av metode. Kandidaten valde uhensiktsmessig metode for å løyse oppgåva.
- Kandidaten ser at produktet ikkje har tilfredsstillande standard, men kan ikkje gjere greie for kva som burde vore gjort annleis undervegs i produksjonen.

Legg gjerne ved utfylt vurderingsskjema i tillegg dersom dette er nytta undervegs i prøva.

Tilleggsprotokollen vil bli oversendt kandidaten som grunnlag for eventuell klage.

Planleggingsdel:	
Gjennomføringsdel:	
Eigenvurdering:	
Dokumentasjon	
Dato:	Stad:
Signatur prøveleiar:	Signatur prøvemedlem: